

Pillarviken



Gnr. 157

Av Knut Raastad, februar 2025



Baksida ved brua på Lalm, Pillarviken øvst.

Pillarviken

Olluff Pillervig betalte i 1644-45 holding av 1 skinn.

Peder Pillervig betalte holding av 1 skinn i 1652-53, 1659-60 og 1665. Bård Pedersen betalte i 1655-56 fyrstebyggesel av ein liten rydningsplass Pillervig 1 skinn som også omfatta engeland til fjells. Matrikkelen 1668 viser at brukaren da var Peder Pillervigen som brukte 1 skinn som tilhørde kongen, men kanskje var det ny bukar sjølv om Peder stod att i registreringa.

Manntalet 1666 nemnde Pillervig ødegård 1 skinn, oppsitjar var Erich Toresøn f.ca.1627. Det vart også nemnd ein husmann Peder Jonsøn f.ca.1605. I 1663 betalte Erik Torsen fyrstebygssel av 1 skinn i rydningsplassen Pillerviken der Peder Jonsen før budde. Det var Erik Pillervigen som i 1675 fekk bygssel av lykkje i Grasdokksætra. Erik Pillerviken kjøpte i 1681 plassen Pillervigen av rittmester Brochdorff. Erik Toresen d.ca.1697 var gift med Mari Pofvelsdotter, ved skifte i 1697 var dei eigarar av Pillervigen 1 skinn. Erik og Mari hadde 2 barn:

Ragnhild, neste brukar

Mallie

Skoskatten 1711 nemnde Tore Pillervigen som hadde 2 barn. Ragnhild Eriksdotter d.ca.1712 var gift med Torre Ingelbredsen, dei hadde 2 barn:

Ingebor f.ca.1696 d.ca.1734, neste brukar

Erik f.ca.1699

Embjør Thoresdotter var gift med Ellef Olsøn. Matrikkelutkastet 1723 viser at oppsitjaren og eigaren av Pillerviken 1 skinn var Ellef Olsen. Ellef Pillervigen fekk i 1738 fornøya bevilling på Grasdokksletta. Ellef og Embjør hadde 5 barn:

Ole f.ca.1721 d.ca.1769, neste brukar

Erich f.ca.1724, g.m. Marit Olsdtr. f.ca.1721 d.1763. Til nørdrø Kleiven.

Ragnild f.ca.1726

Randi f.ca.1729

Marit f.ca.1732, g.m.Peder Pedersen Sagstuen. Marit g.2.m. Thore Thoresen. Til Kleiven n. Ellef Olsøn vart gift på nytt med Sigri Olsdotter, truleg hadde dei ikkje barn. Ved skifte i 1747 var matrikkelskylda i Pillervigen auka til 3 skinn.

Ole Ellefsen vart 1747 gift med Rønnoyg Thoresdotter d.ca.1764, dei hadde 3 barn:

Ellef f.ca.1747, neste brukar

Kirsti f.ca.1752, ho fekk arven etter foreldra i 1784

Imbjør f.ca.1756

Ole vart 1767 gift på nytt med Marit Olsdotter f.ca.1725 d.1767, dei hadde 1 barn:

Ole f.1767

Ellef overtok truleg etter faren i 1769. Han var gift med Kari Andersdotter Eide f.1750 dotter til Anders Iversen f.ca.1708 d.ca.1770 og Ragnhild Olsdtr. f.ca.1730 d.1773. Ellef og Kari hadde 1 barn:

Rønnoyg f.1772

I 1774 selde og skjøta Ellev Olsen garden sin Pillervigen 3 skinn til Hans Hansen for 500 rd. Hans Hansen f.ca.1718 d.1788 vart 1758 gift med Mari Friderichsdotter. Hans og Mari hadde 1 barn:

Hans 1779-1780

Hans Hansen Pillervigen selde og skjøta i 1774 garden sin Pillervigen 3 skinn til Hans Pedersen for 500 rd. Hans Hansen tok att bruken av Plassen og sørø Grasdokkvea. Hans

Pedersen f.ca.1730 var frå Stor-Kollstad på Lesja og var fyrst gift med enkja på Sør-Hole, Brit Jespersdr. Hågå u., Lesja f.1735 d.ca.1766. Hans og Brit hadde 3 barn:

Guri f.1761, g.m. Aslak Arnesen f.ca.1749. På Holen i 1801

Erland f.1763

Anne f.1765

Hans vart 1769 gift på nytt med Mari Olsdotter Skåre, Sel, dei hadde 2 barn:

Gunnar f.1770

Brit f.1771

I 1784 var det auksjonsskjøte på Pillervigen 3 skinn til Christen Bjørnstad for 500 rd. som tilsvara pantobligasjon frå 1777.

I 1792 var det kjøte på Pillervigen frå Christen Poulsen Bjørnstad til Hans Olsen for 560 rd. Hans Olsen f.ca.1764 d.1836 var frå Kongsparten. Hans var gift med Marit Christensdotter (Østensdotter?) f.ca.1762 d.1848, dei hadde 7 barn:

Ole f.ca.1788, neste brukar

Mari f.ca.1791, g.Stensrud

Anne f.ca.1794, g.m. Ødegården

Østen f.1795 d.ca.1875, seinare brukar

Hans f.ca.1797 d.1863, g.m. Ragnhild Olsdr. Syverstuen, Sel f.1814. Skolestuen/Skåraeie.

Peder 1800-1883, g.m. Mari Østensdr. Bjølstadeie 1815-1888. Til Pillarvikhaugen.

Anne 1804-1884, g. m. Iver Olsen Smedmoen 1795-1867

I 1815 var det kjøte på Pillervigen 3 skinn frå Hans Olsen til eldste sonen Ole Hansen for 1300 rd.

I 1834 var det kjøte på Pillervigen 3 skinn frå Ole Hansen til broren Østen Hansen for 350 spd. Østen Hansen var gift med Torø Thorsdotter Holbø s. f.ca.1810 d.1870 dotter til Tord Gulbrandsen Snerle d.1831 og Kari Pålsdr. Holbø s.

I 1847 var det obligasjon på 625 spd. frå Østen Hansen til Ole Haagenstad med pant i Pillarviken. I 1853 var det frådelling med skyldsetning av gnr. 157 bnr. 2 l.nr. 166 b. I 1875 var det auksjonsskjøte for dette frå Ole Steigs bu.

I 1853 var det kjøte frå Ole Pedersen Haagenstad til Peder Knudsen Fjerdingren for 800 spd og føderåd til Østen Hansen og hustru Thore Thorsdr. Peder f.ca.1827 var son til Knut Hansen Fjerdingren. Peder vart 1852 gift med Mari Gulbrandsen Snerle f.ca.1823 d.1875, ho var dotter til Gulbrand Thorsen Snerle. Frå 1856 var dei gardbrukarar på nørdre Fjerdingren. Peder og Mari hadde 5 barn:

Marit f.1853

Kari f.1856

Knut f.1859

Gulbrand f.1862

Mari 1865-1867

I 1855 var det skjøte frå Peder Knutsen til broren Iver Knutsen. Iver Knutsen f.ca.1831 d.1895 vart 1853 gift med Ragnild Christophersdotter Bakken f.ca.1835 d.1924 dotter til Christopher Gulbrandsen Bakken f.ca.1807. Iver og Ragnild var ved barnefødsjar i 1854-1861 husmannsfolk i Skårseie som truleg var Bakken, i 1866 var dei gardmannsfolk i Bakken og i 1869 i Pillarviken. Ved alle folketeljingar er dei registrerte på Bakken, medan føderådsfolka Østen og Torø i 1865 budde i Pillarviken. Iver og Ragnild hadde 5 barn:

Christopher f.1854, gardbrukar på Bakken i 1900

Mari f.1857

Knut 1861-1862

Knut f.1866

Marit f.1869

I 1897 var det skjøte på Pillarviken frå arvingane etter Iver Knutsen Bakken til Nils H Sveine for kr 4000. Han var gift med Lina (Oline) Bårstad f.1865 dotter til Ole Olsen Haaven, Skjåk f.1828 og Kari Amundsdr. Bu, Sel f.1835. Nils og Lina hadde 8 barn:

Marit 1891-1970, g.m. Halgrim Ås 1894-1924, barna var Leif 1919-1988, Helga d.1920 og Astrid f.1922

Kristian 1895-1972, neste brukar

Anne 1896-1970

Ola 1899-1960, g.m. Petra Lina Lund, Skjåk f.1900. Til Otta, hadde dottera Margot f.1934

Gudrun Jøndal 1901-1986

Kari 1904-1987

Amund 1907-1985

Hans 1910-1993, til Bu

Kristian Sveine overtok etter faren i 1918.

Leif Ås 1919-1988 overtok etter morbroren i 1966, han var son til Marit Sveine 1891-1970 og Halgrim Ås 1894-1924

Erik Engebretsen, Sel f.1966 fekk heimel på Pillarviken gnr. 157 bnr. 1 i 1989. Han er son til Harry Engebretsen, Lillestrøm f.1929 og Margot Sveine, Sel f.1934. Margot var dotter til Ola N Sveine 1899-1960 og dermed syskenbarn til Leif Ås.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Arnfinn Kjelland, 1996: bygdebok for Lesja 3

Pillarviken skog

I 1853 var det frådelling med skyldsetning av Pillarviken skog gnr. 157 bnr. 2, l.nr. 166 b. Ole P Haagenstad heldt att dette ved salg av Pillarviken.

I 1875 var det auksjonsskjøte for dette frå Ole Steigs bu. Olaf Trønnes, Storelvdal og Oluf Hagen var kjøparar. Oluf Hagen selde sin del i 1877 til Hans Olsen Aasaaren, Sør-Fron med skjøte i 1878.

I 1936 vart det dagbokført i panteregisteret at Vågå kommune hadde heimel til denne eigedommen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Pillarvikhaugen

Peder Hansen Pillervigen 1800-1883 var son til Hans Olsen Kongsparten Pillarviken f.ca.1764 d.1836 og Marit Christensdtr. f.ca.1762 f.1848. Peder vart 1847 gift med Mari Østensdotter Bjølstadeie nedre Mosebakken, Heidal 1815-1888 dotter til Østen Johnsen Bjølstadeie. I 1847 vart Peder og Mari nemnde som inderstar i Pillarviken, i 1852 som sjølveigarar og i 1858 som husmannsfolk. Folketeljinga 1865 registrerte Peder som husmann med jord, medan han i 1875 vart nemnd som gardbrukar. Peder og Mari hadde 3 barn:

Marit f.1847

Ole f.1852

Mari f.1858

Pillarvikhaugen gnr. 157 bnr. 3 vart frådelt frå Pillarviken i 1880. Peder Pillerviken vart oppgjeve å vera eigar i medhald av ein underrettsdom i 1878.

I 1900 var det skjøte frå Peder Pillervikens arvingar Ole Haugen og Mari P Pillarviken til Guro Jøndal, Eidsvold for kr 510.

I 1909 var det skjøte frå Guro Jøndal til C B Rosenberg for kr 500.

I 1947 vart det heimelsovergang til arvingane. Gerda Miljeteig Olsen f. Rosenberg fekk i etterkant heimel frå medarvingane.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Hovde

Ole Pedersen f.ca.1751 d.1834 var i 1801 husmann under Pillarviken. Ole vart 1784 gift med Synnev Svendsdotter f.ca.1745 d.1826. Ole og Synnev hadde 1 barn:

Peder f.1786-1816, hadde dottera Eli f.ca.1811

Knut Knutsen Baarstadeie 1797-1874 vart 1825 gift med Ragnhild Olsdotter Baarstadeie 1797-1880. Ved barnefødsler var dei i 1825 husmannsfolk på Bjørnstadeie og i 1831 på Øihusene som kan vera same plassen. I 1835 var dei på Pillarvikseige som stemmer med at førre brukaren på Hovde døydde i året før. Knut og Ragnhild hadde 4 barn:

Knut 1825-1825

Ingri f.1826

Ole 1831-1900, neste brukar

Mari f.1835

Ole vart 1854 gift med Imbjør Olsdotter Ekreeie 1833-1917 dotter til Ole Johnsen Ekreeie. Ole var i 1865 og 1875 husmann med jord, i 1900 var Ingeborg husmannsenkje med jord. Ole og Imbjør hadde 7 barn:

Knut f.1855

Ole f.1857

Johan f.1860

Ragnhild 1864-1950, ugift

Anders f.1868

Ole f.1872, neste brukar

Anne f.1875

Hovdet gnr. 157 bnr. 5 vart 1908 frådelt frå Pillarviken med skjøte frå Kristian Ole Nilsen Sveine (med faren som verge) til Ole O Hovdet for kr 1600. Ole var gift med Mari Iversdotter Sveen f.1877. Ole og Mari hadde 5 barn:

Ola 1897-1974, neste brukar

Knut f.1900

Inga f.1903-1997, g.m. Ivar Byre, 1893-1983. Til Byre i Nordherad

Maria f.1906

Otto f.1917

I 1943 var det skjøte frå Ole O Hovde til sonen Ola O Hovde for kr 3000, foreldra Ole og Mari fekk føderåd verdsett til kr 2500. Ola vart 1921 gift med Ingrid Klashaugen, Heidal 1897-1994. Ola og Ingrid hadde 1 barn:

Odd f.1929

Odd overtok etter faren i 1971.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Osperanden

Iver Olsen Rottmseige 1788-1864 vart 1815 gift med Rønnov Larsdotter Rottmseige Einarsplassen 1782-1851 dotter til Lars Pedersen Stade Einarsplassen 1753-1800 og Anne Jonsdotter Holbøseie f.ca.1757 d.1836. Iver var frå Kjellykkja son til Ola Erlandsen Kjellykkja f.1743 og Barbro Knutsdotter Sveen u. Ryen, Heidal d.1829. Iver og Rønnov vart nemnde som husmannsfolk på Rottmseige i 1816 og 1821, medan dei i 1824 var husmannsfolk på Pillarvikseige. Iver og Rønnaug hadde 4 barn:

Lars f.1816

Ole f.1818, neste brukar

Anne f.1821

Knut f.1824

Ole vart 1851 gift med Eli Hansdotter Storvikseige 1826-1901 dotter til Hans Christensen Storvikseige. Ved barnefødsjar vart Ole og Eli nemnde som husmannsfolk på Pillervigseie frå 1853, Ole var i 1865 og 1875 husmann mede jord. Ole og Eli hadde 9 barn:

Johannes f.1847

Rønnaug f.1851

Iver 1853-1854

Sigri f.1855

Iver f.1857

Hans f.1860

Knut 1863-1865

Knut f.1866

Marit 1869-1872

Asperanden gnr. 157 bnr. 6 vart 1908 frådelt frå Pillarviken med skjøte frå Kristian Ole Nilsen Sveine til Anders O Hovdet for kr 1200. Anders 1868-1944 var gift med Kari Flåtten 1873-1956, dei var husmannsfolk her frå 1900. Anders og Kari hadde 1 barn:

Inga 1899-1989

I 1946 var det skjøte frå Kari Hovde til dottera Inga Hovde for kr 1000. Inga vart 1918 gift med Hans Sten 1890-1920, dei hadde 2 barn:

Marit 1918-1985

Harald Ingvald 1919-1920

Eigar frå 1989 var syskjenbarnet til Inga, Otto Hovde f.1917 son til Ola O Hovde f.1872 og Marie Sveen f.1877. Otto vart 1944 gift med Astrid Øvsteng dotter til Ola Øvsteng f.1887 og Gina Skjedsvollhaugen f.1889. Otto og Astrid hadde 4 barn:

Grethe f.1944, g.m. Jon Naalsund
Marit f.1948, g.m. Svein Hauknes
Ola f.1949, g.m. Tone Østmo
Oddne f.1951, sbm. Grethe Tessnes

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Bustadhus mm. frådelt frå Pillarviken

Rindal

I 1900 var det bygsel på tomt frå Kr. O Nilsen til Iver J Kleiven. Iver kjøpte Rottem ca. 1908 og hadde det til 1917. Iver Jakobsen Kleiven d.y. 1861-1926 var son til Jakob Iversen Kleiven 1803-1884 og Brit Knutsdtr. Svarvarhaugen 1824-1916. Iver var gift med Anne Hansdotter Ulmo 1868-1915, dei hadde 6 barn:

Jakob f.1896
Målfrid f.1898
Borgny f.1900
Gudrun f.1902
Hallgjerd f.1905
Solveig f.1908

Anton H Oustad overtok i 1907. I 1910 vart han nemnd som kjøpmann, landhandlar. Anton Halvorsen Oustad, Romedal f.1880 var gift med Marit Torsdotter, Sel f.1882, dei hadde 3 barn:

Marie f.1908
Halvor f.1909
Tora f.1910

I 1914 var det overdraging frå A Oustad til S H Braaten. I 1920 var han landhandlar med kjøpmannsforretning. Syver H Braaten 1887-1865 var frå øvre Bråtå i Sjørdalen, son til Hans Syversen Bråten (Sveinlykkja) f.1855 og Gunhild Paulsdtr. Kolstad f.1853. Syver var gift med Hanna Olsdotter Mo f.1885, dotter til Ole Iversen Smedmoen 1840-1928 og Kari Olsdotter Brustuen 1844-1929. Syver og Hanna hadde 5 barn:

Gunhild f.1912, g. Reiremo
Kari f.1914, g. Berg
Helga f.1916, g. Jordet

Harald f.1918
Sigurd f.1920
Oddny f.1924, g. Bakke

Auksjonsskjøte 1929 til O H Braaten på handelsstedet Rindal. Dette var truleg bror til Syver, Ola Hansen Bråten f.1893.

I 1932 var det kjøte på Handelsstedet Rindal frå O H Braaten og attende til Hanna Braaten.

Festetomta vart frådelt 1945 som gnr. 157 bnr. 9, med kjøte frå Kristian Sveine til S H Bråten 1887-1965.

Arvingane overtok med tinglyst heimelsovergang i 1973, Harald Bråten f.1918 fekk kjøte i 1977.

I 1979 vart 157/16 Rindal II frådelling med kjøte 1980 til Hanna Risset f.1958 og Lars Risset f.1958. Dette er søre delen av tomta.

Rindmo

Rindmo gnr. 157 bnr. 7 vart frådelt frå Pillarviken i 1913 med kjøte frå Kristian Sveine til systera Marit N Sveine. Denne eigedommen Baksidevegen 3 ligg ovanfor vegen ved den gamle Rindal-butikken. Marit Sveine, Pillarviken 1891-1970 var gift med Halgrim Ås 1894-1924. Marit og Halgrim hadde 3 barn:

Helga f.1920, g.Brun

Leif.1919-1988

Astrid f.1922, g.m. Pål Blessom

I 1922 var det kjøte frå Hallgrim Aas og Marit Aas til broren Ola N Sveine. Ola 1899-1960 var gift med Petra Lina Lund, Skjåk f.1900, dei hade dottera

Margot f.1934

I 1937 vart det tinglyst auksjonsskjøte til Marit Aas Brænden. Marit vart gift på nytt med Per Brenden f.1886. Peder Brenden hadde verkstedbygning som vart seld ved auksjon i 1931.

Mari og Per hadde 1 barn:

Else f.1934, g.m. Bjarne Hoff f.1921

I 1970 var det heimelsovergang frå Marit Brenden til barna Helga, Leif, Astrid og Else. Det vart så tinglyst kjøte fråd esse til Else og Bjarne Hoff.

Vonheim

I 1902 var det bygsel frå Kr. O Nilsen til Lalm ungdomslag. Dette var gnr. **157/1/1** Vonheim og låg ovanfor vegen sør for Rindmo.

Baksidevegen 5

I 1919 var det bygselkontrak frå Kristian N Sveine til Lalm kleberstens arbeiderforening. Dette er gnr. **157/1/2**. I 1922 vart bygselretten overført til Ola O Reiret. I 1938 var det auksjonsskjøte til Thorvald Reiremo. Tor Erik Fjeld f.1953 overtok 1970. Dette er ovanfor Vonheim.

Losjehuset

I 1929 var det bygsel frå Kristian N Sveine til losje Eidefossen. Losjehuset stod ovanfor Rindmo.

Tomtefeste 5

I 1936 var det bygsel frå Kristian N Sveine til Hans O Teigen. Det var noko lenger opp enn losjehuset.

Tomtefeste 6

I 1942 var det bygsel frå Kristian N Sveine til Erland Drågen, Kartet viser at dette er ovanfor 157/1/2 Baksidevegen 5 og ikkje bygd. Dette var ei lita stugu som nå er borte.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Paul Brun, Svein Kleiven